



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/113787-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
31.08.2020

### Uttale med motsegn til reguleringsplan for Framo Flatøy AS – offentlig ettersyn og høyring

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 19.06.2020. Saka gjeld høyring og offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Framo Flatøy, planID 1256 20180004. Merknadsfrist er 11.09.2020.

Statens vegvesen fremjar motsegn til planframlegget. Motsegna er knytt til vår rolle som forvaltar av riksveg. Slik vi vurderer planframlegget er det i strid med nasjonale interesser då det vert lagt opp til ei løysing som er i konflikt med Statens vegvesen sitt framlegg til kommunedelplan E39 Flatøy – Eikefettunnelen.

Vi meiner vidare arbeid med reguleringsplan for Framo Flatøy må vente til det er vedtatt ny trasé for KDP E39 Flatøy – Eikefettunnelen og arealbehovet knytt til denne planen er avklart.

Vi vil gjere nærare greie for motsegna vår i dette brevet.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Saka gjeld:**

Multiconsult Norge AS har på vegne av forslagsstillar Framo Flatøy AS, utarbeida framlegg til detaljreguleringsplan for Framo Flatøy. Planområdet er på om lag 147 daa og omfattar gnr. 1 bnr. 6 mfl.. på Flatøy. Planen legg til rette for at det kan etablerast ca. 27 000 m<sup>2</sup> næringsareal for industri. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av næringsområdet, hovudsakleg med fylling i sjø. Ut frå opplysningar i planskildringa er det berekna ca. 830 000 m<sup>3</sup> masse til utfylling. Utvidinga skal gje plass til nye produksjons- og lagerbygningar og større utandørsareal som gjer det mogeleg å oppnå betre internlogistikk og sikrere trafikale tilhøve. Det vert også regulert for ny og større eksportkai.

I planforslaget er det foreslått stenging av dagens tilkomst til småbåthamna i Oldervika og tilgrensande bustadområde. Ny tilkomst til Oldervika er planlagt via kommunal veg Hjelten. Rekkjefølgjekrav til etablering av ny tilkomst er knytt til oppstart av arbeid med utfylling i sjø.

**Uttale**Kryssløysing

I uttale til oppstart, brev av 11.06.2019 viste Statens vegvesen til at det varsla området omfattar offentlege trafikkareal, deriblant del av E39, del av Fv.564 og del av gang- og sykkelrute langs E39. Vegvesenet presiserte den gang at vi såg det som ein føresetnad at tiltakshavar hadde avklart vegløysingar med Statens vegvesen før offentlig ettersyn.

Planframlegget som no er sendt ut på høyring er i vesentleg konflikt med framlegg til løysingar som det vert arbeida med i pågåande kommunedelplan for E 39 Flatøy – Eikefettunnelen. Sistnemnde plan er endå ikkje vedteken og arealbehovet er framleis uavklart. Vidare prosess knytt til detaljreguleringsplan for Framo Flatøy må difor vente til det ligg føre et konkret framlegg til KDP-løysing i løpet av vår/sommar 2021.

Slik Statens vegvesen vurderer det vil framlegget til trafikal løysing i kommunedelplan for E39 sikre ein mykje betre tilkomst til området. Kommunedelplanen vil likevel vere ein overordna plan. Fordi det er knytt usikkerheit til tidspunkt for detaljregulering og realisering må eit framlegg til detaljplan for Framo Flatøy AS tilpasse seg overordna veglinjer innanfor tilhøyrande omsynssone.

Statens vegvesen, E39 prosjektet er kjend med innspela frå Framo Flatøy som er fremja i samband med områdeplan Midtmarka/Rotemyra. Statens vegvesen vil difor, så langt det lar seg gjere ta omsyn til behovet for god tilkomst til denne aktøren og er open for å sjå på mellombelse løysingar saman med Framo Flatøy AS etter at kommunedelplanen er vedteken.

**Det er knytt motsegn til dette punktet i planframlegget**

### Øvrige merknader

Planmateriellet er relativt omfattande. Reguleringsplanen som er sendt på høyring har likevel fleire manglar. Utover krav til etablering av ny tilkomst til Oldervika har ikkje planen med seg rekkjefølgekrav til opparbeiding av veganlegg. Fråvik frå vegnormal N100 er ikkje synleggjort.

Når det gjeld kollektiv saknar vi ei meir utfyllande skildring av tilhøvet til reguleringsplan for ny kollektivterminal på Flatøy. Fram til denne er etablert vil det vere naudsynt å oppretthalde snusløyfa for buss i sør. Her er det i ROS-analyse synleggjort ei potensiell konflikt mellom mjuke trafikantar og relativt omfattande anleggstrafikk. Statens vegvesen vurderer likevel ROS-analyse som mangelfull når det gjeld omtale av trafikale utfordringar og det er heller ikkje gjort tilstrekkeleg greie for avbøtande tiltak.

Fordi det er trong for å tilpasse detaljreguleringsplan for Framo Flatøy opp mot ny KDP for E39 Flatøy – Eikefettunnelen går ikkje Statens vegvesen som sektormynde på noverande tidspunkt vidare inn på detaljar knytt til trafikktryggleik eller behov for endring av føresegner. Overnemnde tema utgjer likevel viktige vurderingspunkt som ein må sjå nærare på i det vidare arbeidet med detaljreguleringsplanen for Framo Flatøy AS.

### Vidare saksqang

I samsvar med ordninga med samordning av statlege motsegner, sender vi dette brevet til Fylkesmannen i Vestland. Statens vegvesen deltek gjerne i dialog-/drøftingsmøte med kommunen om saka.

Statens vegvesen, Transport og samfunn  
Med helsing

Per Morten Lund  
direktør

Tone Margrethe Oppedal  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN